


## Praktiske opplysingar om kurset



I løpet av årets olsok-kurs syng vi i Værnes kyrkje og i Nidarosdomen, to av landets eldste kyrkjebygg.

Kurset er gratis, men boka med liturgiane må skaffast av deltakarane på førehand: *Tidebønner fra Nidaros – Olsok, 2007*, ISBN 978-82-543-1086-1.

Liturgiboka kan kjøpast gjennom ein bokhandel, i nettbutikken til Verbum forlag (<http://verbumforlag.no>), eller i Besøksenteret ved Nidarosdomen.

Boka vil også bli brukt på komande års olsok-kurs.

Alle påmelde vil få svar (i e-post eller brev) i starten av juli, med nærare opplysingar om kurset. Påmeldingar er bindande når fristen har gått ut.

Spørsmål om kurset kan rettast på e-post til [tidebonkurs@itea.ntnu.no](mailto:tidebonkurs@itea.ntnu.no), eller på telefon til Irene Bergheim (73 59 65 61) eller Leiv Arild Andenes (73 59 18 19). Ver hjarteleg velkomne til olsokfeiring i Trøndelag!



DEN NORSKE KIRKE  
Nidaros domkirkes og  
Vår Frues menighet

<http://nidarosdomen.no>



<http://olavsfestdagene.no>

### Påmelding til olsok-kurs 25.–29. juli

Inga kursavgift. Bindande påmelding innan 1. juli 2012

web: <http://olavsfestdagene.no/kurs/olavsofficiet/>

e-post: [tidebonkurs@itea.ntnu.no](mailto:tidebonkurs@itea.ntnu.no)

telefon: 417 98 000

brevpost: Nidaros domkirke og Vår Frue menighet,  
Kongsgårdsgata 2, 7013 Trondheim

Uavhengig av påmeldingsmåte treng vi følgjande opplysingar:

Namn \_\_\_\_\_

Telefon \_\_\_\_\_ Mobil \_\_\_\_\_

Postadresse \_\_\_\_\_

E-postadresse \_\_\_\_\_

© Elin Amundsen og Leiv Arild Andenes. Sats: LAA

# OLSOK 2012

# VAKENATT OG TIDEBØNER

Gregoriansk song i norsk  
tilrettelegging av Olavs-officiet

Værnes/Trondheim 25.–29. juli 2012

## Olsokdøgnet – "Det heilage døgnet"

Olavsfestdagane har i sitt program sett fokus på "Det heilage døgnet", som innleiest med *vesper* (kveldssong) den 28. juli, og avsluttast med *completorium* (bøn før natta) den 29. juli.

Gudstenesta 28. juli kl. 23 går rett over i vakenatta (Olavsvaka). Katedralen er open heile natta, det er bønestasjonar rundt om i kyrkja, og dei som vil, har høve til å samtale med ein prest.

*Vigilien* (vakenatta) delast opp, og til fløyteonar samlast vi ved korsaltaret. Etter endt vigilie vandrar vi fram til høgkoret, og feirar *laudes* (morgonsong) klokka 6. For nokre er dette slutten på vakenatta, for andre starten på olsokdagen.

## Tidebøntradisjonen

Den gamle tradisjonen med tidebøner og vakenatt under olsok har vore halden i hevd i Nidarosdomen frå midten av 1990-talet, og sidan 2004 har alle dei viktigaste tidebønene under olsokdøgnet (kalla Olavs-officet) vore med.

Ei tidebøn er ei kort, sjølvstendig gudsteneste, men er samstundes del av ein heilskap som utgjer døgnrytmen. Liturgien legg ofte opp til vekselsong, t. d. mellom kvinner og menn.

## Målgruppa

Opplegget er laga med tanke på alle interesserte, som til dømes korsongarar, kyrkjemusikarar og prestar. Vi ønskjer å gjere tidebøntradisjonen kjend gjennom aktiv deltaking, og å inspirere til vidare bruk av tidebøner i kyrkjelydar rundt om.

## Tidebønkurset

Vi inviterer til tidebønkurs med Olavs-officet som grunnlag. Kurset skal dyktiggjere deltakarane til å leie tidebønene under olsokdøgnet. Også i år innleier vi med øving og *completorium* i Værnes kyrkje i Stjørdal den 25. juli frå kl. 15.30. Resten av kurset haldast i Trondheim, og alle tidebønene under olsokdøgnet finn stad under Nidarosdomens mektige kvelv.

Øvingsomfanget er på om lag 25 timar over fire dagar. Liturgiane er samla i boka *Tidebønner fra Nidaros – Olsok*. Kurset gjev ei innføring i å nytte kvadrat-notasjon med fire noteliner, den tradisjonelle notasjonen for gregoriansk song.

## Gudstenester i kursperioden

Gudstenester med feit skrift blir leia av kursdeltakarane. Dei andre er gudstenester der kurstimeplanen gjer det mogeleg å ta del som kyrkjelyd. Sjå også festivalprogrammet på <http://olavsfestdagene.no/>

### Onsdag 25. juli

**kl. 15.30 Kursstart i Værnes kyrkje (Stjørdal)**

**kl. 21.00 Completorium i Værnes kyrkje (Stjørdal)**

### Torsdag 26. juli

kl. 12.15 Middagsbøn i kapellet i Erkebispegarden

### Fredag 27. juli

kl. 12.15 Middagsbøn i kapellet i Erkebispegarden

kl. 19.00 Vesper i kapittelhuset

### Laurdag 28. juli

kl. 12.15 Middagsbøn i kapellet i Erkebispegarden

**kl. 17.30 Første olsokvesper (kveldssong)**

kl. 23.00 Pilegrimsgudsteneste (går over i Olavsvaka)

### Søndag 29. juli

**kl. 00.30 Vigilie (vakenatt) – delt i fem deler**

**kl. 06.00 Laudes (morgonsong)**

kl. 11.00 Olsokhøgmesse

**kl. 14.00 Non (middagsbøn)**

**kl. 16.30 Andre olsokvesper (kveldssong)**

**kl. 21.00 Completorium i kapittelhuset (bøn før natta)**



Første kursdag er vi i Værnes kyrkje



Fløytespel tonar inn kvar del av vigilien



Kursleiar i år er Ole Karsten Sundlisæter